



VAKSDAL IL

**ÅRSMELDING
VAKSDAL IL**

2022

VAKSDAL IDRETTSLAG

Klubbnavn:	Vaksdal Idrettslag		
Stifta:	18.11.1925		
Postadresse:	5725 Vaksdal		
E-postadresse:	post@vaksdalil.no		
Internettadresse:	www.vaksdalil.com		
Organisasjonsnummer:	993 534 153		
Banktilknytning:	Sparebanken Vest		
Bankkonto:	Hovudkonto:	3500.07.03026	
	Fotballgruppa:	3500.07.03573	
	Trimgruppa:	3530.26.69870	
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité		
Tilknytta:	Hordaland fotballkrets, Vaksdal idrettsråd		



Innhold

Bane i bevegelse	4
Hovudstyret	5
Økonomi	6
Fotballgruppa	8
Trimgruppa	13
Idrettsskulen	14
Turtrim	15
Vaksdalskarusellen	16

VEDLEGG A

Resultater 2022	17
Budsjett 2023	18





Bane i bevegelse

Vaksdal Idrettslag har i 2022 ikkje berre vore ei bygd i bevegelse, men dette er året der banen og var i bevegelse. Det har ført til at all fotballaktivitet har vorte flytta ut av bygda.

Vaksdal er ei bygd der både barn og vaksne er i rørsle, og der idrettslaget er fleksibelt og terskelen er låg for å etablere nye aktivitetar. Det er mange eldsjeler i bygda, og mange som er villige til å bidra i ulike styrer og verv. Det medfører at laget kan tilby mange helsefremjande aktivitetar, og tilretteleggje for møteplasser som kan skape trivsel og samhald.



Hovudstyret 2022

Leiar: Henning Lirhus

Nestleiar: Lasse Ulveraker

Kasserar: Renate Kvitne

Skrivar: Elisabeth Faugstad Gullbrå

Styremedlem: Trygve Thom

Styremedlem: Øystein Jacobsen

Varamedlem: Tormod Amundsen

Varamedlem: Hanna Erdal

Valnemd

Elizabeth Gjessing

Linda Lien

Revisorar

Ingunn Nystedt

Trygve Boge

Medlemmer

I 2016 passerte VIL 400 medlemmer for fyrste gong på mange år. Etter det har talet halde seg meir eller mindre jamt. I 2022 var det totalt 468 medlemmer. 242 kvinner og 216 menn.

Kontingentar

Barn*: 150,-

Vaksen: 250,-

Familie**: 500,-

B-medlemskap, barn: 50,-

B-medlemskap, vaksen: 100,-

Støttemedlemskap: 150,-

Treningsavgift fotball barn*: 300,-

Treningsavgift fotball vaksne: 500,-

Treningsavgift i salen vaksne: 750,- pr. år

* Medlemmer betaler barneavgifter til og med det året dei fyller 15 år.

** Inntil to vaksne, samt barn til og med det året dei fyller 19 år.

Antal medlemmer dei siste åra



2013 2014 2015 2016 2017 2018 2019 2020 2021 2022

Økonomi

Idrettslaget har økonomisk hatt eit relativt normalt år i 2022. I 2021 var Idrettslaget delvis prega av pandemi med lågare kostnader. No er aktivitetsnivået høgare enn i pandemien, og dette påverkar økonomien i den grad at kostnadsnivået har auka noko.

Me har i 2022 krevd inn medlemsavgift, treningsavgift og fakturert dei lokale sponsorane våre. Me er og flinke til å søke om støtte som gjev positive tilskot til økonomien. Kostnadene er i hovudsak knyt til innkjøp av utstyr og deltakaravgifter (hovudsak cupar og serie). Midlane bruker ein til det beste for medlemmene av Idrettslaget.

For 2022 kjem Idrettslaget ut med eit overskot på kr 263.678 totalt sett. Totale inntekter er på kr 564.380 og kostnadane er på kr 307.913.

Dette er tilfredsstillande for Idrettslaget. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at Idrettslaget skal gå med store overskot. Det er viktig med ein tilfredsstillande økonomi der ein og kan sette av litt pengar kvart år til framtidige investeringar.

Vaksdal Idrettslag har svært låge satsar på medlemsavgifta og treningsavgifter. Det forsøker ein så langt ein kan å oppretthalda og framover. Me er eit Idrettslag med høg grad av frivillig innsats og det er svært lite godtgjersle for alt arbeidet som trenarar, styremedlemer og andre legg ned som dugnadsinnsats for laget.

Nøkkeltal

	2022	2021
Inntekt:	kr 564.381	(kr 568.933)
Kostnader:	kr 307.913	(kr 243.032)
Driftsresultat:	kr 256.467	(kr 325.901)
Ordinært resultat:	kr 263.678	(kr 329.023)

Fotballgruppa

Leiar: Elin Merete Sæterdal

Kasserar: Cecilie Kleiveland

Skrivar: Sol Kari Boge

Styremedlem: Johnny Falkanger

Styremedlem: Kay Roger Elvheim

Styremedlem: Tommy Amundsen

Styremedlem: Øyvind Flatekval

Styremedlem: Jacob Solhaug




Fotballgruppa har gjennom 2022 vore opptatt av:

- Legge til rette for god oppslutning rundt aktivitetane
- Gje tilbod til alle interesserte så langt som råd
- Byggje opp under engasjement og utnytte ressursar






Som dei 2 føregående sesongane har sesongen 2022 også bydd på utfordringar. No ikkje grunna koronasituasjonen, men grunna kollapsen av fotballbana 29.januar 2022. Dette har skapt store utfordringar i forhold til trening og kampavvikling for alle laga uansett årsklasse. Det har ikkje vore mogleg å nytte nokre av banene på Idrettsanlegget og alle treningar og kamper har derfor vore arrangert ved andre baner rundt Vaksdal. Barne- og ungdomslaga har i stor grad nytta seg av baner i kommunen- på Dale og Stanghelle, medan seniorlaget har spelt sine heimekamper på Hagabotane i Samnanger denne sesongen. Til trening har dei i hovudsak nytta seg av same bane, men og baner på Haus og Fri.



Kommunen har laga til midlertidig grusbane på parkeringsområdet nedfor idrettsbana som dei yngste har kunne nytta til treningar. Det har vore ein del utfordringar både med at bana har vore svært mjuk og dårleg lyssatt, og derfor ikkje kan nyttast på våren og hausten. Men for dei minste har det vore godt å kunne gjennomført treningane i eiga heimbygd.



Aktivitet

Det er store variasjonar i årsklassane på Vaksdal, men me har framleist mange aktive spelarar. Det er ikkje nok spelarar i eigen bygd på alle lag, men det er fleire samarbeidslag innad i kommunen.

Det er mange som vel å delta i fotballaktiviteter sjølv med eit aukande og variert tilbod med blant anna volleyball, basketball, handball og badminton.

Før sesongen 2022 såg ein eit aukande behov for å samarbeide med dei andre klubbane i kommunen for å gje eit fullgodt tilbod til alle. Det vart derfor gjort ein del endringar i forhold til samansetning av lag for sesongen 22. Ein jobbar no for å få til eit meir fastsett samarbeid på tvers av klubbane då fødselstala dei kommande åra viser markant nedgang. Ein vil ved eit slikt klubbsamarbeid kunne ha større moglegheiter til å nytte seg av spelarar på tvers av klubbene ved behov, samt at ein sikra at alle får eit godt tilbod innanfor fotballen. Ein håper derfor at ein skal kunne ha dette samarbeidet på plass innan kommande sesong.

Dei yngste laga har ein klart å holde på Vaksdal som reine Vaksdals lag, og ein ynskjer at ein skal klare dette også dei kommande åra. Dei laga dette gjeldt er mix2013, mix2014 og mix2015. Som dei siste åra starta også årets førsteklasingar, 2016 kullet, opp med treningar våren 2022. Det har vore eit svært populært tilbod og dei har allereie deltatt på fleire cupar i løpet av hausten.

Cupar/seriespel

Det har i løpet av sesongen vore arrangert cupar både lokalt og utanfor kommunen som laga har deltatt på.

Dei yngste Vaksdals laga har deltatt på lokalcup på Stanghelle, samt cupar på både Bulken, Bjørgum og i Vestlandshallen.

Ungdomslaga G15 og J15 deltok på Sandar cup i Sandefjord i august. Dei hadde ei vellykka helg med mykje godt spel og sosialt samvær. G15 kom til semifinalen i A-sluttspølet, der det blei knepet tap, medan J15 vant B-sluttspølet i si pulje.

Sparebanken Vest-cup

Etter 2 år utan moglegheit til å gjennomføre Sparebankvest cup låg alt til rette for at ein igjen kunne arrangere cupen i Idrettsparken på Vaksdal. Men grunna øydelagt bane gjekk også i år desse planane ut.





A-laget:

Ronny Boge overtok hovudansvaret på trenarsida føre kommande sesong. Lars Boge forsette som 2. trenar. Oppladinga til 2022 sesongen var bra, med god oppslutning på treningane.

I vårsesongen hadde dei mange gode resultat og låg på øvre del av tabellen då laget tok sumarferie. Haustsesongen var i større grad prega av svingande resultat og mykje skader.

Oppslutninga på supportersida har vore stor gjennom heile sesongen, men har nok vore noko prega av at også alle heimekampar blei «bortekampar» denne sesongen.



Trimgruppa

Leiar: Malin Sæterdal

Skrivar: Rebekka Folgerø

Styremedlem: Stine Njåstad

Styremedlem: Aina Ulveseth

Møteverksemd:

Styret i trimgruppa har hatt to møter dette året, der me har diskutert innkjøp og treningstilbodet me tilbyr.

Året som gjekk:

Dette året har det vore eit godt og variert tilbod for både born og vaksne i VIL. Me er heldige som har så mange som vil bidra til at det skal vere aktivitet for alle.

I starten av året hadde me eit treningstilbod for vaksne som innebar stryke, step, volleyball, basisball, sirkeltrening og zumba. Frå hausten av har det vore pause frå basisball og zumba. I den anledning har Evy Kristin Jamne tatt på seg ei treningsøkt i veka, som består av styrketrening – tabata. Dette er eit tilbod som me ser for oss at skal fortsetje, sjølv når basisball og zumba er tilbake.

Det er blitt kjøpt inn ein del nytt utstyr til å bruke til styrketrening, og det er ynskje frå trenarane om å investere i fleire vekter.

Julia Hanevik har tatt over som ansvarleg for barnetrim, og saman med Stine Smette-Blålid har dei no to tilbod i veka for borna i alder 0 til 5 år. Det nyaste tilbodet er om søndagane, og tanken er at søsken som går på småsteget skal kunne delta saman med dei små.

Idrettsskulen

- Leiar: Aina Ulveseth
- Styremedlem: Sandy Fritzsche
- Idrettsskulen er eit tilbud for dei borna som går i 1.-4. klasse som er kvart år frå november og til og med mars. Dette for å unngå fotballsesongen, slik at alle som vil kan få delta. Det har vert godt oppmøte med ca. 20 born kvar gong. I november var det ulike ballspel i samfunnssalen. I desember hadde me fri-leik. I januar var det turn på programmet. I februar skulle me eigentleg på langrennsski på Gullbotn, men grunna dårleg vær har me vert i samfunnssalen. Me prøvde å få til eit samarbeid med bassenget på Dale slik som me hadde i fjor. Men då det er stor pågang i bassenget var det dessverre ikkje noko ledig tid til oss.



Turtrim

Det har dette året og vore bra registrering i dei ulike turbøkene. Leif Inge gjer ein stor innsats med å passe på at det er bøker i postkassene og bytter ut bøker etter kvart som dei vert utskrivne. Det er kjekt å sjå at mange går på tur og registrerer seg i turbøkene. Kvart halvår vert det trekt ut fem vinnarar som får eit gåvekort på 500 kr. Den tradisjonelle romjulsmarsjen vart og arrangert i år. Trass i at det var dårleg vær, var det god deltaking.



BLI MED PÅ VAKSDALS- KARUSELLEN

Tysdag 13. september

Tysdag 18. oktober

Onsdag 16. november

Søndag 11. desember



Barneløype 0-12 år:
Tur/retur Vaksdal skule (Vaksdalsgarden) - Kvitaskvaret (1 km)

Lang løype 13 år og oppover:
Tur/retur Vaksdal skule - snuplassen på Ytre Boge (4 km)

Kl. 17.30: Påmelding og utdeling av startnummer ved Vaksdal skule

Kl. 18.00: Start barneløype

Kl. 18.15: Start lang løype

Søndag 11. desember er det nisseløp og start kl. 13.00.



Image: Freepik.com



VEDLEGG A

Driftsresultater 01.01.2022 - 31.12.22

Driftsinntekter	Faktiske tall 2022		
	Idrettsalget	Fotball	Trimgruppa
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	1 493	1 493	-
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	51 000	-	-
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	97 752	-	-
3420 Kommunale tilskudd	78 200	-	-
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	161 535	-	-
3920 Medlemskontingenter	61 518	-	-
3930 Treningsavgifter	74 184	53 236	20 948
3945 Turneringsinntekter etc	698	698	-
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	38 000	-	-
Sum inntekter	564 381	55 427	20 948
Driftskostnader			
4300 Innkjøp varer for videresalg,	13 987	13 987	-
5500 Annen kostnadsgodtgjørelse	20 000	20 000	-
5501 Dommarrekninger	27 840	27 840	-
5990 Annen personalkostnad	6 644	3 400	3 244
6300 Leie lokaler	450	450	-
6420 Leie datasystemer	5 602	-	-
6490 Annen leiekostnad	1 315	-	-
6545 Datautstyr	5 995	-	-
6550 Driftsmaterialer	61 253	57 253	-
6565 Mat og drikke	1 464	1 464	-
6580 Idrettsutstyr	895	238	657
6590 Annet driftsmateriell	3 384	2 194	1 190
6770 Medisinsk behandling, utstyr etc	1 280	-	-
6800 Kontorrekvisita (Res)	808	808	-
6810 Datakostnad	15 558	-	-
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	1 400	1 400	-
7090 Annen kostnad transportmidler	7 638	7 638	-
7400 Kontingenter, fradragsberett.	2 500	-	-
7415 Påmelding serier, turneringer etc	60 982	60 982	-
7420 Gaver, fradragsberettigede	9 510	-	-
7460 Premier til deltakere	13 767	720	-
7500 Forsikringspremier	32 041	27 710	-
7770 Bank og kortgebyrer	686	-	-
7790 Andre kostnader	12 781	11 546	-
7798 Annen kostnad, fradragsberettiget	134	-	-
Sum kostnader	307 914	237 630	5 091
Driftsresultat	256 467	- 182 203	15 857

Budsjett 2023

	Budsjett 2023	Faktiske tall 2022	Budsjett 2022	Faktiske tall 2021
Driftsinntekter				
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	25 000	1 493	5 000	10 394
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	52 000	51 000	88 000	52 165
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	98 000	97 752	100 000	100 118
3420 Kommunale tilskudd	78 200	78 200	250 000	266 792
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	161 000	161 535	32 000	31 729
3920 Medlemskontingenter	62 000	61 518	57 500	57 497
3930 Treningsavgifter	75 000	74 184	55 000	50 162
3945 Turneringsinntekter etc	-	698	-	-
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	-	38 000	-	-
Sum inntekter	551 200	564 381	587 500	568 857
Driftskostnader				
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	15 000	13 987	3 000	10 569
5500 Annen kostnadsgodtgjørelse	10 000	20 000	-	-
5501 Dommarrekninger	28 000	27 840	12 000	11 678
5990 Annen personalkostnad	7 000	6 644	5 500	5 100
6100 Frakt, transport og forsikring		-	2 000	3 900
6300 Leie lokaler	-	450	-	-
6420 Leie datasystemer	7 000	5 602	5 300	5 190
6490 Annen leiekostnad	-	1 315	5 000	2 524
6540 Inventar (Res)		-	20 000	12 901
6545 Datautstyr	-	5 995	-	-
6550 Driftsmaterialer	2 000	61 253	1 000	772
6565 Mat og drikke	1 500	1 464	12 000	10 327
6580 Idrettsutstyr	60 000	895	60 000	57 557
6590 Annet driftsmateriell	-	3 384	-	-
6770 Medisinsk behandling, utstyr etc	1 500	1 280	-	-
6800 Kontorrekvisita (Res)	1 000	808	2 500	2 290
6810 Datakostnad	16 000	15 558	15 000	14 516
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	5 000	1 400	-	-
7090 Annen kostnad transportmidler	7 000	7 638	4 500	4 300
7400 Kontingenter, fradragsberett.	2 500	2 500	5 000	3 220
7415 Påmelding serier, turneringer etc	50 000	60 982	25 000	22 750
7420 Gaver, fradragsberettigede	15 000	9 510	18 500	15 288
7440 Gaver til frivillige		-	16 500	16 115
7460 Premier til deltakere	15 000	13 767	1 500	1 215
7500 Forsikringspremier	30 000	32 041	24 100	23 939
7770 Bank og kortgebyrer	900	686	900	871
7790 Andre kostnader	15 000	12 781	10 000	9 012
7791 Gebyrer kamp o.l.		-	10 000	9 000
7798 Annen kostnad, fradragsberettiget		134		-
Sum kostnader	289 400	307 914	259 300	243 033
Driftsresultat	261 800	256 467	328 200	325 824
Finansielle poster netto	5 000	7 211	-	3 122
Ordinært resultat	266 800	263 678	328 200	329 023